



«Adresseblokk»

Dato: 15.03.2016  
Vår ref.: 2016/3268-1  
Saksbehandlar: troalve  
Dykkar ref.:

## **Invitasjon til å søke vekslingsmodellen hausten 2016 – Helse- og oppvekstfaga**

Du har søkt om inntak på utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag frå hausten 2016, og får med dette ein invitasjon til å søkja deg til vekslingsmodellen i helsearbeidarfaget eller barne- og ungdomsarbeidarfaget

I Hordaland er det oppretta eit tilbod om vekslingsmodell som ei forsøksordning. Det er Olsvikåsen vidaregåande skule som har tilbodet innan helse- og oppvekstfaga, i helsearbeidarfaget eller barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Fordelen med vekslingsmodellen at den kombinerer teori og praksis gjennom et fireårig utdanningsløp. Undervisninga er yrkesretta mot nettopp helse, eller barne- og ungdomsarbeidarfaget. Du er elev dei 6 første månadane og inngår så lærekontrakt i faget for tre og eit halvt år. Både i elevperioden og i lærlingperioden vekslar du på å være ute i bedrift og inne på skolen.

Vi søker ungdom som ønskjer meir arbeidslivretta opplæring, og er motivert og har bestemt seg for at det er innan helse- eller oppvekstfag du ønskjer å utdanne deg. Som nemnt over skjer undervisninga på skolen dei første 6 månadane. Deretter ut som lærling i bedrift, med dei plikter og rettar som følgjer det å værearbeidstakar. Den vidare opplæringa vil veksle mellom skule og bedrift. Vekslingsmodellen er eit opplæringsløp på 4 år, frå start i skule til du er klar for å gjennomføre fagprøven som helsefag-, eller barne- og ungdomsarbeidar.

Opplegget er laga i nært samarbeid mellom Bergen Kommune Yrkesopplæringsavdelinga, Olsvikåsen vidaregåande skule og Hordaland Fylkeskommune som prosjekteigar og leiar. Blir du plukka ut til deltaking vil du bli kalla inn til intervju med Yrkesopplæringsavdelinga i Bergen kommune og Olsvikåsen vidaregåande skule. Blir du plukka til deltaking er du garantert læreplass

**Vi inviterer derfor nettopp deg med føresette til informasjonsmøte på  
Olsvikåsen vidaregåande skole:**

**19. eller 20. april 2015 kl. 18:00.  
Du og dine føresette vel kva dag som passar.  
Adresse: Olsvikåsen 152, 5183 Olsvik.**

Det blir gitt informasjon om opplegget, korleis søkje på tilbodet og søknadsfrist på møtet.

Lenkje til skulen sin heimeside: <http://olv.hfk.no>

**Kontaktpersonar:**

Helsefag- og barne- og ungdomsarbeidarfaget:

Marie Sofie Størdal Bergen kommune yrkesopplæringsavdelinga Tlf. 55 56 63 43

[marie.sofie.stordal@bergen.kommune.no](mailto:marie.sofie.stordal@bergen.kommune.no)

Olsvikåsen vidaregåande skule:

Therese Kleppestø, Olsvikåsen vidaregåande skule Tlf. 55 51 14 06

[therese.kleppesto@hfk.no](mailto:therese.kleppesto@hfk.no)

"[Klikk her for å skrive]"

Torbjørn Mjelstad  
fagopplæringssjef

Trond-Harald Alvær  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*